

NotatDato: 16.05.2017
Arkivsak: 2017/1436-3
Saksbehandlar: hanglop1

Til:	Nasjonal kommunikasjonsmyndighet v/Torgeir Alvestad
Frå:	Hordaland fylkeskommune

Breibandutbygging - Nasjonal tilskotsordning 2017 - prioriteringsliste

«Tilskotsordning for breibandutbygging – 2017» har seks evalueringskriterium fastlagde av Samferdsledepartementet basert på EU sine retningslinjer for breibandstøtte, og ordninga er notifisert hjå overvakingsovervakingsorganet til EFTA (ESA). Kriteria og vurderingselement er tildelt ein karakter frå 0 til 10 for kvart av kriteria, unnateke kriteria 1 og 2 som maksimalt kan få 10 poeng til saman. Under er ein kort gjennomgang av kvart av kriteria med tilhøyrande poeng, etterfølgd av fylkeskommunen si prioritering av søknadene frå Hordaland

1. Utbygging av «kvite område» utan grunnleggjande tilbod (vekt 30 %)

Tilskot skal primært utløyse tilbod om breiband til husstandar i område utan eksisterande breibandtilbod av grunnleggjande god kvalitet (minst 4 Mbit/s nedstraumskapasitet), og der det ikkje er venta kommersiell utbygging i dei nærmaste åra Eit slikt område reknar vi som eit «kvitt område».

Kommune	Husstandar	Dekningsundersøking	Poeng
Masfjorden (Kriterium 1)	175	BKK og Telenor har ikkje planar i dei aktuelle områda. Dekningskarta for dei omsøkte områda bekreftar at det manglar eit grunnleggjande tilbod om breiband.	10
Kvinnherad (Kriterium 1 og 2)	22	Det lokale breibandselskapet, Kvinnherad Breiband, har vurdert utbygging, men kostnadene er for store til at det kan gjerast utan offentleg medverknad. Ingen andre aktørar har planar om utbygging.	5
Meland (Kriterium 1 og 2)	20	Telenor og BKK er kontakta. Ingen av dei har utbyggingsplanar for området	3

2. Forbetring av eksisterande grunnleggjande tilbod (vekt 5 %)

Område der det eksisterer eit grunnleggjande breibandtilbod kan også kvalifisere for tilskot om det berre blir tilbyde grunnleggjande breiband (dvs. kapasitetar mellom 4 og 30 Mbit/s) og ikkje høgkapasitet-breiband.

Kommune	Husstandar	Dekningsundersøking	Poeng
Kvinnherad (Kriterium 1 og 2)	167	Det lokale breibandselskapet, Kvinnherad Breiband, har vurdert utbygging, men kostnadene er for store til at det kan gjerast utan offentleg medverknad. Ingen andre aktørar har planar om utbygging.	5
Meland (Kriterium 1 og 2)	306	Telenor og BKK har ikkje utbyggingsplanar i dei aktuelle områda	7
Samnanger: Bjelkarvik (Kriterium 2)	8	Ut over informasjon frå Kvamnet og BKK, har Samnanger kommune ikkje iverksett undersøkingar med sikte på å avdekka planar for fiberutbygging i området. Det er i dag 4G-dekning i delar av området.	8

Samnanger: Hisdal - Trengereidfjord (Kriterium 2)	70	Ut over informasjon frå Kvamnet og BKK, har Samnanger kommune ikkje iverksett undersøkingar med sikte på å avdekka planar for fiberutbygging i området. Det er i dag 4G-dekning i delar av området.	8
Os (Kriterium 2)	66	BKK og Telenor har stadfesta at dei ikkje har planar i området. Dekningskarta viser over 4 Mbit/s, men undersøkingar gjort av dei som bur i området viser at dekninga er mellom 2 og 5 Mbit/s	10

3. Kostnadseffektiv nettutbygging i det enkelte prosjekt (vekt 25 %)

For fiberutbygging vert kostnader over 55.000 pr. tilknytning rekna som høgare enn gjennomsnittet. Snittet gjev middels poengskår. Kommunal tilrettelegging for framføring og gjenbruk av infrastruktur er positivt.

Kommune	Kostnad/Tilknytning	Kommunal tilrettelegging	Poeng
Masfjorden	32 000	Kommunen opnar for at det kan leggjast trekkør i kommunale vegar. Mobile basestasjonar kan plasserast der dei gjer best effekt. Eksisterande stolpar for telefon og straum kan nyttast, og det kan også setjast opp nye stolpar etter behov.	9
Kvinnherad	83 617	Utbygging i desse områda må skje på eksisterande stolper for høgspent, lågspent og tele. I tillegg vil ein til område Gjetingsdalen og Snilstveitøy nytta sjøkabel for framføring av stamfiber.	4
Meland	35 337	Eksisterande stolpar kan nyttast som framføringsveg. Kommunen har i tillegg eige graveelement som er gunstig for utbygging av breiband.	9
Samnanger: Bjelkarvik	125 000	Alle aktuelle utbyggjarar vil truleg nytta seg av eksisterande stolpar som framføringsveg for fiberen, så langt dette er praktisk mogleg og føremålstenleg. Det må også påreknast noko gravearbeid. Kommunen har ikkje spesifikke reglar for graving/legging av fiberkabel i eller langs kommunal veg. Dersom det blir behov for slik kabling i den aktuelle utbygginga, tek kommunen sikte på å leggja til rette for dette, men kommunen vil ikkje stå for eventuelt gravearbeid/kabling sjølv. Mobile basestasjonar er ikkje aktuelt i denne utbygginga.	2
Samnanger: Hisdal - Trengereidfjord	53 000	Telenor, som i utgangspunktet er mest aktuell utbyggjar, vil nytta seg av eksisterande stolpar som framføringsveg for fiberen. Kommunen har ikkje spesifikke reglar for graving/legging av fiberkabel i eller langs kommunal veg. Mobile basestasjonar er ikkje aktuelt i denne utbygginga.	6
Os	18 335	Bruk av eksisterande infrastruktur	10

4. Lokal medfinansiering (vekt 20 %)

Lokal medfinansiering opptil 40 % er vektlagt, dvs. 40 % gjev 10 poeng. Høgare andel er positivt, men vert ikkje teke med i vurderinga. Utbyggjar sin forventa eigendel er ikkje rekna med i lokal medfinansiering.

Kommune	Lokal finansiering	Søknadssum	Utbyggjars eigendel	Totalprosjekt	Lokal del %	Poeng
Masfjorden	3 200 000	6 000 000	1 000 000	10 200 000	31 %	8
Samnanger:	20 000	200 000	790 000	1 000 000	0 %	1

Bjelkarvik						
Samnanger: Hisdal - Trenegereidfjord	20 000	700 000	2 480 000	3 200 000	0 %	1
Os	180 000	480 000	0	660 000	27 %	7
Kvinnherad	2 003 000	3 930 000	1 927 000	7 860 000	25 %	6
Meland	100 000	5 000 000	6 520 000	11 620 000	0 %	1

5. Plan for berekraftig drift etter at utbygginga er gjennomført (vekt 15 %)

Kommune	Berekraftig drift	Poeng
Masfjorden	<p>I konkurransegrunnlaget må tilbydar gje garanti på ytingar i tilbodet både oppetid, bandbreide, best tilgjengeleg teknologi, og vise dekningskart for tilbydd løysing. Tilbydar skal i tilbodet beskrive løysing for overvaking, loggføring og rapportering av nettet. Dette for å førebygge og avdekka moglege feilsituasjonar. Tilbydar skal skildra forslag til terskelverdiar og kriterier for iverksetjing av tiltak i nettet. Tilbydar skal skildra aktuelle responstider, tid frå henvendelse til oppstart av feilsøking, tidsrom til feilretting er utført. Leverandør/ tilbydar skal loggføra alle feilmeldingar, skriftlig og munnleg kommunikasjon og eventuelt andre henvendinger som vert råka av tilhøve nemnt i dette dokument. Rutinar for slik loggføring skal skildrast i tilbodet. Tilbydar skal skildra betingelsar relatert til garantiar, service, support og responstider for brukarane av løysingane. Desse betingelsene skal samsvara med betingelsar i sluttbrukaravtalar. Tilbydar må ivareta løpande drift og vedlikehald av løysinga og garantere denne i minst 20 år.</p> <p>Alle tilbydarar vil verta sjekke opp mot referansar og vil få score etter evalueringskriterier som vil verta lagt ferdig i samband med utlegging på Doffin. Andre formelle krav til leverandør er dignert følgjebrev, kvalitetsystem, HMS-system, relevante referansar, registrering i Brønnøysundregistrene, Skatteattest RF 1244, Trygde- og mva-attest, Rekneskapsopplysningar</p>	10
Os	Gjennom offentlig anskaffing vil det bli stilt krav til at leverandør forpliktar seg til å gi framtidig tilbod til utbyggingsområdet.	9
Kvinnherad	Utbygginga vil innehalda avtaler og drift, vedlikehald og oppdatering av teknologi.	10
Samnanger: Bjelkarvik	Samnanger kommune vil ved utlysing av utbyggingsprosjektet og kontraktsinngåing stilla diverse krav til utbyggjaren, mellom anna: (1) Tredjepartsoperatørar skal tilbydast grossisttilgang til nettet. (2) Fibernettet skal vera operativt i minimum 10 år etter overtakingsdato, elles vil ein forholdsvis del av tilskotet måtte tilbakebetalast. (3) Alle fastbuande/husstandar, næringsbygg og offentlege bygg/forsamlingslokale innanfor utbyggingsområdet skal ha moglegheit til å knytta seg til fibernettet. Det same gjeld fritidsbustader i den grad dette er realiserbart. (4) Fibernettet/anlegget skal eigast av leverandøren, som er økonomisk og juridisk ansvarleg for drift og vedlikehald. (5) Det må vera tilbod om både internett, telefoni og TV-/videotenester for kundar i fibernettet. Det vil i anbodskonkurransen bli stilt krav til tilbydaren sin organisatoriske og juridiske stilling, økonomisk og finansiell kapasitet, samt tekniske og faglege kvalifikasjonar.	10
Samnanger: Hisdal - Trenegereidfjord	Samnanger kommune vil ved utlysing av utbyggingsprosjektet og kontraktsinngåing stilla diverse krav til utbyggjaren, mellom anna: (1) Tredjepartsoperatørar skal tilbydast grossisttilgang til nettet. (2) Fibernettet skal vera operativt i minimum 10 år etter overtakingsdato. (3) Alle skal ha moglegheit til å knytta seg til fibernettet. (4) Fibernettet/anlegget skal eigast av leverandøren, som er økonomisk og juridisk	10

	ansvarleg for drift og vedlikehald. (5) Det må vera tilbod om både internett, telefoni og TV-/videotenester for kundar i fibernettet. Det vil i anbodskonkurransen bli stilt krav til tilbydaren sin organisatoriske og juridiske stilling, økonomisk og finansiell kapasitet, samt tekniske og faglege kvalifikasjonar.	
Meland	Krav om drift, vedlikehald og oppgradering i minst 15 år. Krav til økonomi, lovverk og marknadsstandarder når det gjeld utbyggjar.	10

6. Lokal samfunnsutvikling, verdiskap. og aktivitet for innbyggjarar, næring og besøkande (vekt 5 %)

Dokumentasjon av konkrete samfunnsgevinstar, ringverknader for lokalt næringsliv og eventuelle synergjar som gir økt mobildekning.

Kommune	Samfunnsutvikling, verdiskaping og aktivitet for innbyggjarar, næringsliv og besøkjande	Poeng
Masfjorden	Søknaden gjeld bygder og grender som i dag manglar grunnleggjande breibandstilbod. Omsorgsteknologien til kommunen vil difor kunna utviklast vidare om fleire får breiband med høgkapasitet. Masfjorden kommune er med i eit felles prosjekt i Nordhordland som handlar om å implementere omsorgsteknologi i pleie og omsorgstenesta. Samfunnsgevinsten er høg om fleire folk i desse bygdene får bu heime fordi dei får utstyr som kan ivareta deira behov for omsorg på ein god måte. Det kan vera alarmer, det kan vera skypetenester, det kan vera andre typar funksjonar som sikrar tryggleik for brukarane og den kommunale kvaliteten knytt til heimebasert omsorg. På strekninga langs Einestrاند til Kvamme er det mange fritidsbustader som vil ha nytte godt av utbygginga. Det same gjeld på Duesund og på Arekletten.	10
Os	Her vil både fastbuande og fritidsbustader få nytte av eit kraftig forbetra tilbod. Innbyggjarane vil nytte godt av dette i framtida då mange offentlege tenester i større grad vert digitalisert. Innbyggjarane i området har kjempa i fleire år for å få eit fullgodt tilbod.	8
Kvinnherad	Områda har svært mange fritidsboliger, og desse er rekna med i utbygginga. Av næringar som ligg i desse områda kan nevntast, maskinentreprenørar, utleige av fritidsbustader, landbruk og nettbutikk.	8
Samnanger: Bjelkarvik	Det er få husstandar og lite næringsdrift i området	4
Samnanger: Hisdal - Tregereidfjord	For innbyggjarar i området vil eit fibernett vera ei betre løysing (høgare kapasitet og stabilitet) enn noverande internett via radiosignal/mobil. Det er ein del fritidsbustader i området, som vil kunne nytta godt av utbygginga. Det er ikkje mange verksemdar i det aktuelle området, i alle fall ikkje større verksemdar. Ei fiberutbygging vil nok auka sjansen for etablering av næring i området (mindre verksemdar).	8
Meland	Dei omsøkte områda ligg i utkantene av Meland kommune. Fleire av desse bygdene opplever ei positiv folketalsutvikling der unge flytter heim med familiene sine. Sjølv om dekningskarta viser at det skal vere ei breibandsdekning på meir enn 4 Mbit/s tyder innspela frå innbyggjarane på at dette ikkje stemmer. For at bygdene skal fortsatte å vekse er god breibandsdekning heilt sentralt. Alle områda som er omsøkt har mykje landbruk. Nokre av desse driv også med turisme som tilleggsnæring. I delar av dei aktuelle områda er mobildekningen noko låg. Fleire av områda inneheld nye boliger som er bygga etter at TEK10 standard vart innført. Tjukkare vegger, vindauge og tak fører til at innandørs mobildekning blir krevjande.	9

Prioriteringsliste Hordaland

Rangering	Kommune	Poeng	Søknadssum
1	Masfjorden	8,85	6 000 000
2	Os	6,15	480 000
3	Kvinnherad	5,85	3 930 000
5	Meland	5,65	5 000 000
5	Samnanger: Hisdal - Trengereidfjord	4,50	700 000
-----	-----	-----	-----
6	Samnanger: Bjelkarvik	2,80	200 000

Grunngjeving for prioriteringa

Alle dei fem kommunane som er øvst på prioriteringslista til Hordaland fylkeskommune har dårleg dekning og mangelfull breibandutbygging. Dette er m.a. dokumentert i Nexia sine årlege kartleggingar av breibanddekninga i Noreg, og i lokale dekningsundersøkingar. Masfjorden sin søknad er det lagt ned mest arbeid i, og søknaden framstår også som best.

Når det gjeld Os kommune så er denne søknadene eit døme på at dekningsundersøkinga til Nexia har enkelte svake punkt. Her har innbyggjarane i bygda som er planlagt utbygd, i lengre tid kjempa for å få eit betre tilbod.

Kvinnherad får lågare poengsum fordi utbyggingskostnadene per tilknytning er ein god del høgare en snittet, men samstundes er dette ein krevjande kommune å byggja ut. Det same gjeld prosjektet i Samnanger.

Når det gjeld søknaden med lågast poengsum, så vert ikkje denne sendt vidare til Nkom. Samnanger har levert to søknader for utbygging, og den eine vert vraka på grunn av låg poengsum.

Venleg helsing

Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling

Arthur K. Arnesen
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.